

Avtale
mellom

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad,
org nr 996124789
heretter kalla stiftinga

og

Testlaget,
org nr 123456789
heretter kalla mottakar

vedrørende stønad tildelt prosjekt/tiltak:

Testprosjektet

1) Søknad

Grunnlaget for tildelinga er søknad med vedlegg registret med referansenummer **201601-xxx**

2) Tildeling

Styret i stiftinga har med grunnlag i søknaden tildelt kroner **123 456,-**

3) Særlege føresetnader i tildelingsvedtaket

Ingen

4) Generelle vilkår

a) Stønad er gjeven på bakgrunn av dei opplysningane mottakar har lagt fram i søknaden vedrørende m.a. føremål, prosjekt- og tidsplanar, kostnadsoverslag og finansieringsplanar.

b) Stønad kan berre nyttast til det føremålet som står i søknaden og elles i samsvar med søknaden.

c) Mottakar pliktar å leggja fram dei opplysningane som stiftinga måtte be om for å kunna følgja opp prosjektet/tiltaket vedrørende framdrift, kostnader og resultatoppnåing.

d) Mottakar pliktar på eige initiativ å leggja fram for stiftinga opplysningar om vesentlege endringar i prosjektet/tiltaket så snart slike vert kjende for mottakar. Dette gjeld særleg om prosjektet ikkje vert ferdig innan ferdigdatoen sett i søknaden som er **31.12.2016**.

5) Aksept

Mottakar må akseptera denne avtalen ved at styreleiar eller annan/andre med turvande fullmakter hjå mottakar signerar og returnerer han til stiftinga innan 4 veker frå mottak elles vil tildelinga verta trekt attende.

6) Utbetaling

Mottakar må føra på denne avtalen kva bankkontonummer stønaden skal overførast til.

Stiftinga overfører etter mottak av signert avtale, og mottak av dokumentasjon/stadfesting på at kontonummeret tilhører mottakar og at eventuelle særtilkøyr i pkt. 3 er oppfylte, 100 % av stønadssummen, kroner **123 456,-** til mottakar.

7) Slutt-utbetaling

Stiftinga overfører etter mottak og godkjenning av sluttrapport med rekneskap og stadfesting av gjennomført prosjekt/tiltak dei resterande 0 % av stønadssummen, kroner 0,- til mottakar.

8) Sluttrapport

Mottakaren har i søknaden oppgjeve **31.12.2016** som ferdigdato.

Mottakar pliktar å senda stiftinga ein kort sluttrapport når prosjektet er fullført, i alle høve seinast ein månad etter oppgjeven ferdigdato. Rapporten skal innehalda stadfesting av at måla med prosjektet/tiltaket er nådd og informasjon om budsjett / finansieringsplan og kostnad/tidsplan vart slik ein føresette. Skjema for sluttrapport er å finna på stiftinga si heimeside. Stiftinga har høve til å be om utfyllande informasjon.

9) Attendebetaling

Dersom mottakar har gjeve eller gjev urette opplysningar, endrar prosjektplanane vesentleg utan å ha fått samtykkje frå styret i stiftinga på førehand, eller på annan måte medverkar til at vesentlege føresetnader for stønaden ikkje vert oppfylte, kan stiftinga krevja at utbetalt stønad vert betalt attende.

10) Utbetalingskonto/signering

Stønaden skal utbetalast til mottakar sin bankkonto _____

Kontonummeret skal vera registrert på laget/organisasjonen som får gåva.

Ved å signera denne avtalen stadfestar ein at dette kontonummeret er registrert på mottakar.

Det må i tillegg leggjast ved prov i form av stadfesting frå banken, kopi av kontoutdrag eller liknande.

Avtalen må underskrivast av styreleiar eller annan autorisert person hjå gåvemottakar og saman med kontoprovet returnerast til stiftinga, helst som fargescanna vedlegg på e-post.

Dato: _____ Stad: _____

For Testlaget

Signatur: _____

(Namn med blokkbokstavar og verv i laget/organisasjonen)

For SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Åsmund Kåre Rørvik
Dagleg leiar

Svein Arne Eidsvik
Styreleiar